



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 29.08.25

Protokoll møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Torsdag 4.september kl. 10.00.

Møtet vart brukt til ei synfaring i kyrkjene og på gravplassane på nordsida av fjorden.

Innkalla:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik, Andreas Ester,

Kopi av innkallinga går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Andreas Ester, og Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti Søreide

Meldt forfall: *Frode Merkesvik – vara varsla, men melde også forfall.*

Sakliste:

09 Synfaring i kyrkjene og på gravplassane på Høyanger nordside.

Fellesrådet såg på kva vedlikehald som må gjerast og som nærmar seg. Dei såg på ein eventuell plassering av namna minnelund på gravplassen på Sæbø. Fellesrådet tar med seg desse inntrykka i det vidare arbeidet med vedlikehaldsplanar og investeringsplanar.

Møtet etter lunsj:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 17.06.2025**
 - Innkalling, sakliste og protokollen vart godkjent.
- **Soknepresten har ordet**
 - Handla om talenta – ein svært stor pengesum, rikdom. Brukt i overført betydning av Jesus. Dette har gitt ordet dagens tyding. Oppfordringa konfirmantane hadde fått var å bruke talenta – slik som i dei populære talentkonkurransane på TV.

Meldingssaker:

10 Kyrkjeverja har ordet.

Den daglege drifta har gått sin gang gjennom sommaren, men kyrkjeverja har sjølv måtta teke ansvaret for dei merkantile oppgåvene. Tidlegare sekretær har avlasta noko – særleg når det var oppsett ferie for kyrkjeverja, men har først og fremst sikra at ein har fått betalt rekningane.

Arbeidet med HC-toalett og universell tilkomst i Ortnevik kyrkje har om lag ferdig.

Målingsarbeidet har vore krevjande å få gjort, men det er håp for at målaren vil bli ferdig med dei «einsfarga» flatene som må takast. Marmoreringa på søylene, og lasurmaling av dei nye dørene, må skiljast ut som eit eige prosjekt og det vert naturleg å søke Kyrkjebevaringsfondet om støtte til dette. Gjerdet og ny port blir ikkje klar til jubileet.

Budsjettet for 2026 bør vere til første halvdel av oktober.

Vedtakssaker:

011/25: Justering av revidert budsjett, vedteke på møte 3/25.

Kyrkjeverja orienterte om naudsynte justeringar og endringar sidan sist møte.

Vedtak:

Endringane i revidert budsjett vert godkjende i tråd med kyrkjeverja si orientering.

Neste møte vart ikkje endeleg tidfesta, men må sjåast i samanheng med budsjettarbeidet for 2026 og personalsituasjonen på kontoret.